

BLYTTIA

NORSK BOTANISK FORENINGS TIDSSKRIFT



1957

NR. 4

OSLO



*En bok som
vil gi nytt
liv til
biologi-
undervis-
ningen i
folkeskolen*

Folkeskolens biologi

Av GUNNAR A. BERG i samarbeid med GUDMUND WIGANT

Tegninger av ODD FJORDHOLM

«Det er nettopp en slik bok vi trengte. Hvert blad åpner nye sider av naturens merkelige spill. Dyr og planter lever i boken, fortsetter å være spennende og interessante. Boken vil sikkert bidra til at barna får den glede å lære å kjenne det hverdagsunder som omgir oss på alle kanter og som vi så ofte glemmer.»

Anathol Heintz.

Pris kr. 12.80.

J. W. CAPPELENS FORLAG

BLYTTIA

NORSK BOTANISK FORENINGS TIDSSKRIFT



BIND 15

OSLO 1957

Redaktør:

Professor Ove Arbo Høeg

Redaksjonskomité:

Lektor Gunnar A. Berg, disponent Halvor Durban-Hansen,
professor Georg Hygen, førstebibliotekar Peter Kleppa

Trykt med statsbidrag og bidrag fra Norges Almenvitenskapelige
Forskningsråd.

Harald Lyche & Co., Drammen

Innhold.

Bille, O.: Opprinnelsen til de folkelige navn på <i>Digitalis purpurea</i> . .	61
Bundli, N.: Forekomster av barlind (<i>Taxus baccata</i>) i de indre østlands- bygdene. (The Northernmost Occurrences of Yew, <i>Taxus</i> <i>baccata</i> , in Eastern Norway. Summary.)	95
Eckblad, F.-E.: Norges sarcoscyphaceer. (The Sarcoscyphaceae of Norway. Summary.)	3
Fægri, K.: Professor Hultén's nye inndeling av <i>Cerastium alpinum</i> - gruppen	69
Gjærevoll, O.: Johannes E. Haugen, 7. okt. 1873—1. sept. 1956	1
Grenager, B.: Norsk Institutt for Tang- og Tareforskning	72
— Second International Seaweed Symposium	75
Grunduls, J.: Ginseng, livets rot. (Ginseng, the Root of Life. Summary.)	90
Gundersen, K.: S. Winogradsky. Et 100-års jubileum	11
Hafsten, U.: Om mistelteinens og bergflettens historie i Norge. (On the History of Misteltoe and Ivy in Norway. Summary.)	43
Høeg, O. A.: A propos mistelteinen	102
Kjennerud, J.: Bregneforkim som demonstrasjonsmateriale for genera- sjonsveksling. (Cultivation of Fern Prothallia for Demonstration Purposes. Summary.)	65
Lange, J.: De folkelige plantenavnets gruppering efter motiver	128
Lid, D. T.: Reisebrev fra Hierro	98
Lid, J.: Nils Hauge	41
— Nye plantefunn 1955—1957. (New Plant Finds in Norway during the Years 1955—1957. Summary.)	109
Lunde, B.: Nokre opplysninger um tydingi av namnet «Kyrkjegras» for <i>Juncus squarrosus</i> . (Med en anmerkning av O. A. H.)	147
Nedkvitne, K.: Litt om strandvegetasjonen på Jæren. (On the Beach Vegetation of Jæren, SW. Norway. Summary.)	81
Wanscher's blomsterfargekart. (Med bilag.)	144
Wendelbo, P.: Bidrag til Sogns flora. (A contribution to the knowledge of the Flora of Sogn, W. Norway. Summary.)	136
Norsk Botanisk Forening	18
Vestlandsavdelingen av Norsk Botanisk Forening	71
Norsk Soppforening	28
Botanisk Selskap for Tønsberg og Omegn	31
Norske Naturhistoriske Museers Landsforbund	32
Botaniske doktordisputaser i 1956	32
Universitets- og høyskoleeksamener i botanikk 1956	33
Prøve for soppsakkyndige	31
Personalia	35
Bokmeldinger	36, 77, 106, 149

Nye plantefunn 1955—1957

NEW PLANT FINDS IN NORWAY DURING THE YEARS
1955—1957

Av

JOHANNES LID

Mange meldingar om nye norske plantefunn kjem kvart år inn til Botanisk Museum ved Universitetet i Oslo. Her er tatt med dei viktigaste for dei 3 siste åra. Vi merkar os nyvinningar for norsk flora, som *Sonchus palustris* i Randasund, 7 nye løvetann-arter og 6 nye antropokorar: *Alyssum desertorum* i Kristiansand, *Coreopsis tinctoria* i Strinda, *Dianthus armeria* i Kristiansand, *Iva xanthifolia* i Oslo, *Raphanus landra* i Oslo og Mandal, og *Scopolia carniolica* i Oslo og Rakkestad. Men dei fleste funn fortel om utviding av det før kjende arealet for planten, eller om nye grenser mot nord, sør og vest eller opp mot fjellet. I alt er det her meldt nytt om 179 plantar. Liksom i dei tre førre meldingane (Lid 1950, 1952 b og 1955) er det også denne gongen kome med nokre eldre funn som først nå er tilgjengelege. Nylaga norske plantenavn er merkte med ei stjerne: *. Eg skuldar takk til alle som har meldt om plantefunn. Ein serskild takk til Anders Bjørndal, Johan Kielland Lund og Johs. Johannessen for mange gode funn og for plantar dei har levert til Botanisk Museum.

Abutilon theophrasti Med. Linderose. Asker: I potetåker på Åstad 19. sept. 1955 Arne Wold. — Oddernes: Jægersborg 14. okt. 1955 Johs. Johannessen. — I Rakkestad har Kristian Andreassen funne den som ugras i ein kålåker ved Ringbys gartneri. I alt er linderose nå kjent frå 6 norske herad.

Acer pseudoplatanus L. Platanlønn. Voss: Rekve, forvilla i skogen mellom Rekve og Bulken 16. sept. 1957 J. L. Dette park- og prydtreet synes å ha tendens til å forvilla seg, ikkje minst på Vestlandet.

Adoxa moschatellina L. Moskusurt. Sannidal: Lislau (prestegarden) 8. juli 1957 J. L. I lauvskogen som vender mot elva Humla.

Aegopodium podagraria L. Skvallerkvål. Kviteseid: I Kviteseid-byen ved Sundkilen 11. juli 1957 J. L.

Alnus glutinosa (L.) Gaertn. Svartor. Ytre Rendal: Nokre buskar på ei hylle i vestvendt berg, 1 km nordom Nedre Sjøli, 1951 Johan

Kielland Lund. — Engerdal: Femundsenden 28. juli 1951 Per Sunding. — Seljord: Sandvika på nordsida av Seljordvatnet 30. juli 1957 J. L. På Austlandet var svartor før funnen nord til Tjerne på Ringsaker; Sjøli er 65 og Femundsenden 115 km lengre nord.

Alyssum desertorum Stapf. * Sanddodre. Kristiansand: Silokaaien på Odderøya 2. aug. 1957 Johs. Johannessen. Liknar *Alyssum alyssoides*, men er i alle deler spinklare. Skulpa er snau og blankt kålgrøn, men ikkje gulbleik som hos *A. alyssoides*. Den høyrer heime i Aust-Europa og Vest-Asia, i Ungarn er den karakterplante på sandsteppene. I Tyskland er den funnen på avfallsplasser (Hegi 1913—19 p. 454).

Amaranthus retroflexus L. Duskamarant. Denne ugrasplanten er i 1955 funnen i Rygge i Østfold, Solum og Vinje i Telemark, Froland i Aust-Agder, Oddernes i Vest-Agder og Helleland i Rogaland.

Amaranthus spinosus L. Tornamarant. Høyland: I planteskole på Austvoll, stor plante 26. sept. 1955 Harald Vølstad. Tornamarant er eit eittårig ugras i varme land. I Norge er den tatt ein gong før, på ein avfallsplass i Oslo i 1883 av R. E. Fridtz.

Ambrosia artemisiifolia L. Beiskambrosia. Oslo: På bryggene ved Hamnelageret 18. sept. 1955 Olaf Bang. Dette amerikanske ugraset er før funne i Kristiansand, Bergen, Bruvik og Buvik.

Amelanchier spicata (Lam.) C. Koch. Blåhegg. Kviteseid: Forvilla ved vegen nær Kollbu 13. juli 1957 J. L.

Anemone ranunculoides L. Gulsynre. Sparbu: Rikeleg i skogen ved Mære landbruksskole 3. mai 1943 Alex Holund. I Trøndelag er den før kjent nokre stader (Gjærevoll 1952 s. 97).

Anthemis arvensis L. Kvit gåseblom. Vinje i Telemark: Haukeli-sæter på ein avfallsplass 25. juli 1957 J. L.

Arabis hirsuta (L.) Scop. Bergskrinneblom. Vinje i Telemark: I berget vestom Prestegårds Turisthytte (1050 m) 22. juli, og ved Skilbekken nordom Kjelavatnet (950 m) 24. juli 1957 J. L. I bergham-rane vestom Svaletog i Grungedal 30. juli 1957 J. L. I Bøgrenda er den vanleg i berg og hamrar 1957 J. L. — Bykle: Sessnuten på grensa mot Vinje (1320 m) 6. aug. 1956 Per Sunding. Dette er 100 m høg-re enn den er funnen før.

Arctostaphylos alpina (L.) Spreng. Rypebær. Klepp: Orresanden ut mot sjøen 7. juli 1955 Einar Herikstad. Også på Tjøme går denne fjellplanten nær ned til stranda (Lid 1950 s. 42).

Arrhenatherum elatius (L.) Mert. et K. Hestehavre. Kviteseid: Midt-sund og ved Kviteseidbyen 11. juli, Moen og ved den nye kyrkja 12. juli og på Voll 14. juli 1957 J. L. I 1898 hadde Ove Dahl funne den på Utsund.

Artemisia vulgaris L. Burot. Ulvik: Finse jernbanestasjon 12. aug. 1955 J. L. Ein plante i austre enden av det vestre overbygget (1222 m).

Asplenium septentrionale (L.) Hoffm. Olavsskjegg. Vinje i Telemark: Krunekroberget i Bøgrenda 17. juli, og i bergknauser ved Vinje Prestegård 22. juli 1957 J. L.

Asplenium trichomanes L. Svartburkne. Vinje i Telemark: Krunekroberget austom Høgetveit 17. juli 1957 J. L.

Athyrium alpestre (Hoppe) Milde. Fjellburkne. Øvre Eiker: Søraustsida av Myrhogget 4. aug. 1957 Jon Kaasa.

Beta vulgaris L. Bete. Fjelberg: Nær fjøset ved sjukehuset på Valen 14. sept. 1955 Jakob Naustdal.

Brachypodium silvaticum (Huds.) PB. Lundgrønaks. Øvre Eiker: Ved Østerud 6. aug. og i Ertebekkdalen på sørsida av Slett fjellet 7. aug. 1957 Jon Kåsa.

Bromus benekeni (Lge.) Trimen. Skogfaks. Øvre Eiker: Ertebekkdalen på sørsida av Slett fjellet 7. aug. 1957 Jon Kaasa. — Norderhov: Nordom Mørkgånga ved Gyrihaugen, under stupet mot Steinsfjorden 6. okt 1957 Per Sunding. Før var nordgrensa på Austlandet i Bærum: Rognliåsen ved Kjaglia 28. sept. 1952 Rolf Nordhagen.

Bromus commutatus Schrad. Vegfaks. Ulvik: Finse jernbanestasjon, avfallsplass ved Samvirkelaget (1222 m) 3. aug. 1954 J. L. Dette eitt-årige graset er funne ved Brevik, på Tromøy og i Trondheim (Wendelbo 1956 s. 11), men ikkje i Lillesand, Vestre Moland og Buvik som meldt hos Lid (1944 s. 111 og 1952 s. 124).

Bromus inermis Leyss. Bladfaks. Kviteseid: Kviteseidbyen 11. juli 1957 J. L. — Lårdal: Nær kyrkja i Lårdal 1. aug. 1948 Halldan Rui.

Campanula glomerata L. Toppklokke. Kviteseid: Ved Kviteseidbyen 11. juli og på Brunkeberg 12. juli 1957 J. L. — Vinje i Telemark: Forvilla på Øvrebø 1 km austom Vinje Prestegård 21. juli 1957 J. L.

Carex aquatilis Wahlenb. Nordlandsstorr. Sarpsborg: Borregård 15. juli 1905 Hartvig Johnsen. — Tunc: Ved Glomma nordom Nordby 5. aug. 1951 Nils Hauge. — Skiptvedt: Glenmetangen Lense i Glomma 28. aug. 1955 Kristian Andreassen (1956 s. 65). Det er først dei siste åra vi har fått visse for at denne storart veks i Østfold.

Carex caryophyllea Lat. Vårstorr. Lista: Høyland 2. aug. 1955 Georg Størmer. Denne finnestaden ligg heilt isolert, eit par hundre kilometer frå dei andre norske vekseplassane. (Jfr. Hulténs kart nr. 375, 1950).

Carex chordorrhiza Ehrh. Strengstorr. Eidfjord: Stormyra ved Veig på Hadlaskar, 1000 m, 7. aug. 1955 Anders Bjørndal. — Vinje i Telemark: Grønenutmyrane ved Stenja nær Sessvatnet (800 m) 22. juli 1952 J. L. I Bøgrenda er den ikkje sjelden på myrane ved Høgetveit, Våld og Fetveittjøna 1957 J. L.

Carex disperma Dew. Veikstorr. Ringsaker: I skogen ved Kvisselstuhagan (2 km søraust for Næren) 27. juli 1948 Johan Kielland Lund.

Carex glareosa Wahlenb. Grusstorr. Hurum: Trollebogen sørom Holmsbu 18. juli 1957 Per Sunding. Den er kjent frå Hvaler og strøket omkring Fredrikstad, men er ikkje før funnen inne i sjølve Oslofjorden.

Carex globularis L. Granstorr. Siljan: Breiangeråsen søraust for Store Dalstjønna, og på nordvestsida av Store Kollstjønna, begge stader 13. aug. 1953 Finn Wischmann. — Aseral: I bjørkeskogen ved Øygardstjønna søraust for Knipan, på grensa mot Hornnes og Bygland 17. juli 1955 Anders Bjørndal. Ny stad litt lengre nord, austom Knipan 2. juli 1957 Anders Bjørndal. Her har den skarpsynte lektor Bjørndal gjort høgst interessante funn. Vi må tversover Aust-Agder, 117 km i luftline til nærmaste kjende vekseplass på Lifjell i Bø i Telemark (Lid 1955 s. 36).

Carex pulicaris L. Loppestorr. Øvre Eiker: Ertebekkdalen på sør-sida av Slettjellet 7. aug. 1957 Jon Kaasa.

Carex rotundata Wahlenb. Rundstorr. Uvdal: Ved Langtjønna vestom Synhøvd 29. juli 1956 Anders Bjørndal. — Eidfjord: Ved Storfisketjønna mellom Sandhaug og Langsjøen på Hardangervidda 4. aug. 1957 Anders Bjørndal.

Carex rupestris All. Bergstorr. Nedre Eiker: Dryasfeltet på Solbergfjellet (400 m) 2. juni 1946 J. L. og R. Nordhagen. — Ytre Sandsvær: Dryasfeltet ved Kjørstadelva 3. juli 1955 J. L. (Lid 1957 s. 5).

Chenopodium polyspermum L. Frømelde. Stange: Ein åkerkant på Fjedre 6. aug. 1952 Johan Kielland Lund, som også har sett den andre stader i Stange. På Austlandet før kjent nord til Skedsmo.

Chrysanthemum parthenium (L.) Bernh. Matrem. Time: Ugras i ein hage på Bryne 15. sept. 1955 Gudrun Laland. Ikkje kjent før på Jæren.

Chrysosplenium alternifolium L. Vanleg maigull. Vinje i Telemark: I granskog ved Vinjevatnet på Midtbø 19. juli 1957 J. L.

Coreopsis tinctoria Nutt. Purpurauge. Eittårig amerikansk korgplante. Strinda: Avfallsplass på Sluppen 12. aug. 1954 Einar Fondal.

Crambe maritima L. Strandkål. Oddernes: Oksøy, nær fyret 4. sept. 1955 Anders Bjørndal.

Crepis nicaeensis Balb. Haukeskjegg. Ved nærmare granskog av plantane frå Storo i Oslo har Rolf Berg funne at dei må førast til veghaukeskjegg, *C. biennis* L. Enno i 1957 står plantane i vegkanten nordom Storo. (Jfr. Lid 1950 s. 46 og 1952 s. 644.)

Cynanchum vincetoxicum (L.) Pers. Svalerot. Oslo: Lindøya, rikeleg i krattet på nordsida av fotballplassen 31. mai 1955 Per Størmer. I Oslo er den før berre kjent frå Bygdøy.

Cypripedium calceolus L. Marisko. Øvre Sandsvær: Trengen (2 km sørom Heistadmoen) 1952 Johan Kielland Lund. Dette er eit par km

nordøst for Lauer der Nils Hauge og H. Holmsen fann den i 1950 (Rui 1951 s. 67).

Dactylorhiza sambucina (L.) Vermln. Systemarihand. Gjerpen: Sørteigen (nedlagt plass i Øvre Gjerpen) 29. mai 1956 Andreas Pedersen.

Dactylorhiza traunsteineri (Saut.) Vermln. Smalmarihand. Sannidal: Lona på Knipenhalvøya ved Barland 7. juli 1957 J. L. Ikkje kjent før så langt sør i Telemark.

Daphne mezereum L. Tysbast. Vinje i Telemark: I berg austom Høgetveit i Bøgrenda, Krunekro 17. juli, Midtbø 19. juli og Høgset 20. juli 1957 J. L.

Datura stramonium L. Piggeple. I 1955 er den meldt frå Brumunddal i Ringsaker, Feiring, Oddernes, Lista, Time og Ullensvang.

Datura tatula L. Blåpiggeple. Frø av denne eittårige giftplanten kjem stadig inn med kraftfôr frå utlandet og vert sidan spreitt med gjødsel eller på annan måte. I 1955 har vi fått plantar frå Idd, Moss, Rygge, Rakkestad (4 stader), Søndre Høland, Fet, Asker, Feiring (3 stader), Romedal, Fåberg, Borre, Solum, Vinje, Helleland, Bjerkreim, Tysvær og Eid (So Fj).

Dentaria bulbifera L. Tannrot. Stange: Rotlia 7. aug. 1952 Johan Kielland Lund. — Bygland: I lag med *Neottia* i Vestre Åneskårr på Dale 7. juli 1955 Anders Bjørndal. På Austlandet før kjent nord til Feiring.

Dianthus armeria L. * Saronnellik. Kristiansand: Mellom rullesteinar på stranda i småbåthamna ved Retrachimentet 17. sept. 1956 Johs. Johannessen. Denne toårige nelliken liknar busknellik, men har smalt jambreie blad og ruhåra stengel og støeblad. Veks på tørre bakkar i Sør- og Mellom-Europa nord til Danmark, og i Sverige til nordom Stockholm på austkysten og nær opp til norskegrensa på vestkysten, men lengst nord truleg innført i ny tid (Hultén 1950 s.194).

Dipsacus silvestris Huds. Kardeborre. Randsund: Dvergsøya, 80 meter frå stranda, 6 meter over sjøen 31. juli 1955 Johs. Johannessen. Ikkje kjent før vest for Tromøy.

Draba nemorosa L. Vegrublom. Romedal: I tunet på Tomter (Vallset) 10. juli 1941 Johan Kielland Lund. Før var den ikkje kjent lengre nord enn Oslo, Modum og Kongsberg.

Dryopteris austriaca (Jacq.) Woy. var. *willeana* Lid. * Svart geiteltg. Eid (So Fj): Ved Skårhaugelva 16. aug. 1955 Finn Wischmann. Den er også funnen i Vestnes: Frostadsætra 19. juli 1927 Magnus Frostad; og i Snåsa: Finnsås aug. 1948 Knut Bjørnå (Lid 1952 s. 43, jfr. Lid 1937 s. 102).

Dryopteris oreopteris (Ehrh.) Maxon. Smørtelg. Øvre Eiker: Vestside av Salsåsen 3. aug. 1957 Jon Kaasa. Dette er ny nordgrense på Austlandet. Før Sjulerud i Hof i Vestfold.

Dryopteris robertiana (Hoffm.) C. Chr. Kalktelg. Ytre Sandsvær: Ved Kjørstadelva i lag med *Dryas octopetala* 3. juli 1955 J. L. (Lid 1957 s. 6). — Øvre Eiker: Ovafor Brekke 8. aug. 1957 Jon Kaasa.

Epipactis palustris (L.) Cr. Myrflangre. Øvre Eiker: Myr sørom Hole (250 m) 14. aug. 1957 Jon Kaasa.

Epipogium aphyllum (F. W. Schm.) Sw. Huldreblom. Tynset: Borråsen 10. aug. 1952 Johan Kielland Lund. — Stor-Elvdal: Ola Opphus' skog 1 km austom Opphus stasjon, 3–4 plantar på bratt skråning i granskog 22. juli 1953 Tord Kristian Horne. — Trysil: Borveggen 18. aug. 1955 og 22. aug. 1956 (700 m frå 1955-funnet) Ingolf Nordstrøm; første staden 500 m, andre staden 445 m o h. — Sidan Danielsen (1947 s. 1) registrerte dei 16 funn av huldreblom som til den tid var kjende i Norge, har det kome til 10 nye.

Eryngium maritimum L. Strandtistel. Skåtøy: Ved vegen frå Løkstad til brygga 8. aug. 1948 Jon Stene. Ein plante 8–10 m frå stranda, den står der ennå i 1955. Så vidt vi veit er strandtistelen ikkje før funnen mellom Tjølling i Vestfold og Tveit i Vest-Agder.

Eupatorium cannabinum L. Hjortetrøyst. Fister: Hegraberg vestom Liarhalsen 15. aug. 1955 Thorvald Buch Hansen. Det er ein heil bestand som dekkjer ei 3 meter lang hylle i det stupbratte berget, ca. 30 m over sjøen. Ikkje kjent før i Rogaland. — Øvre Eiker: Ertebekkdalen på sørsida av Slettfjellet 7. aug. 1957 Jon Kaasa.

Euphrasia frigida Pugsf. Fjellaugnetrøst. Ytre Sandsvær: I lag med *Dryas octopetala* ved Kjørstadelva (300 m) 3. juli 1955 J. L. (Lid 1957 s. 6).

Festuca gigantea (L.) Vill. Kjempesvingel. Stange: Roilia 7. aug. 1952 Johan Kielland Lund. Den veks her 20 meter frå stranda av Mjøsa. Kjempesvingelen har elles si nordgrense på Austlandet i Bærum, Lier og Modum. Dersom det ikkje har vore noko flytting av etikettar i overgartnar N. G. Moes herbarium, så har Moe funne den i Etnedal: I Osloherbariet ligg eit ark med to strå som Per Størmer i 1951 har bestemt til *F. gigantea*. Moe hadde skrive på etiketten: «I Berselvdalen omtrent 2000 skridt fra stationen Brufladt voxede i stor mængde i selskab med *Mulgedium*, *Milium*, *Poa hybrida*, *Stachys silvatica* o. fl. »

Galeopsis speciosa Mill. Guldå. Vinje i Telemark: Øvrebø austom Prestegarden 21. juli, Rui i Grungedal 28. juli 1957 J. L. Guldå synes vera seldsynt i Vest-Telemark, og slike vanlege åkerugras som åker-sennep og åkerreddik kunne eg ikkje finna der i 1957.

Galium odoratum (L.) Scop. Myske. Vinje i Telemark: Krunekroberget austom Høgetveit 17. juli 1957 J. L. Dette er ved innergrensa for myske på Austlandet (Hulténs kart nr. 1624, 1950).

Galium vaillantii DC. Småklengjemaure. Oddernes: Ugras i ein

frukthage på Gill 26. juli 1957 Anders Bjørndal. I Vest-Agder har vi svært få funn av denne planten.

Geranium lucidum L. Blankstorkenebb. Norderhov: Nordom Mørkganga ved Gyrihaugen, under stupet mot Steinsfjorden 6. okt. 1957 Per Sunding. Er før funnen i Krokkleiva i Hole.

Glyceria declinata Breb. Bogesøtaks. Sandar: Namløs 22. juni 1955 Per Størmer. I Vestfold før kjent frå Borre og Tjølling.

Guizotia abyssinica (L. fil.) Cass. Ramtillablom. Jølster: I åker på Kjøsnæs 21. aug. 1955, og i rotvektståker på Veiteberg 8. okt. 1955 Olav J. Befring. Begge desse stadene i Jølster var plantane utan blomstrar. Her i landet er denne afrikanske planten før funnen på Langøyane i Nesodden i 1927 av A. Landmark og i Oslo 1940 av Gullik Kirkevoll (jfr. Lid 1944 s. 520 og 1952 s. 611).

Hibiscus trionum L. Timerose. Rakkestad: Ugras i ein villahage på Stemme 20. sept. 1955 Kristian Andreassen. Ikkje kjent før i Østfold. — Oddernes: I jordbærstykke og rosebed i Torridalsvegen 69, sept. 1957 Johs. Johannessen. Frø er truleg kome inn med husdyrgjødsel.

Hieracium subpraealtum Om. Ulvik: Finse, Jomfrunuten, 1400 m 12. aug. 1955 J. L. På Finse er det ikkje funne svæver av pilosellagrupper før. Plantane er 17 cm høge og var i full blomstring. Dei skil seg frå den vanlege typen av *H. subpraealtum* med at dei attåt kjertelhår har lange lyse hår på korgskalta.

Hypericum montanum L. Bergperikum. Øymark: Tollsby 4. aug. 1957 Kristian Andreassen.

Iberis umbellata L. Skjermsløyfe. Grytten: Åndalsnes 8. aug. 1951 J. L. Små blomstrande plantar i sanden der tyskarane hadde festningsverk under krigen.

Impatiens parviflora DC. Mongolspringfrø. Asker: Parsell J-12 på Nesøya 28. juli 1956 Per Sunding. — Hole: Sollihøgda 27. juli 1957 Kristian Andreassen.

Inula britannica L. Lodnealant. Kristiansand: Den kommunale avfallsplassen ved Kongsgårdbukta 10. juni 1957 Johs. Johannessen. Før berre funnen kring indre Oslofjorden.

Iva xanthifolia Nutt. * Ugras-iva. Oslo: Avfallsplass på Torshov 7. sept. og 7. okt. 1927 A. Landmark (det. C. Blom 1948). — På brygga ved Hamnelageret nær Vippetangen 9. okt. 1955 Johs. Krogsrud. I Nord-Amerika er denne eittårige korgplanten eit leitt ugras. Den har lysstriput stengel og mørkgrøna tagga blad som minner om melde mens planten er ung. Blomster- og fruktstanden minner derimot om *Ambrosia*.

Juncus arcticus L. Fimmmarkssev. Eidfjord: Mellom Tinnhøldammen og Tinnhølen 4. aug. 1957 Anders Bjørndal.

Juncus arcticus $\times$ *filiformis*. Uvdal: Ved den nye elva frå Tinnhølen 1. aug. 1956 Anders Bjørndal. — Ullensvang: Ved elva Veig straks vestom Heimste Hadlaskar 9. aug. 1957 Anders Bjørndal. Vang (Oppland): Torfinnsbu ved Bygdin 10. juli 1943 J. L. Denne hybriden mellom finnmarkssev og trådsev er ikkje før meldt frå Buskerud eller Oppland.

Juncus articulatus L. var. *lindhardii* Wiinst. Lista: På fuktig sand ved Åsen 4. aug. 1954 Per Størmer. Denne varieteten av ryllsev veks på sand, den har lange krypande jordstenglar, korte tjukke strå og kortare kapsel enn vanleg ryllsev. Hylander (1953 s. 171) melder den frå Jæren.

Juncus effusus L. Lyssev. Stange: Husebyhaugen (Tangen) 1948 Johan Kielland Lund. På Austlandet er den før kjent nord til Feiring.

Juncus squarrosus L. Heisev. Vinje i Telemark: I bjørkeskogen ved Prestegårds Turisthytte, 945–965 m, 22. juli 1957 J. L.

Laburnum anagyroides Medik. Gullregn. Oslo: Forvilla frå hagar på Sørbyhaugen 7. nov. 1955 Ingolf Sundfør.

Lactuca macrophylla (Willd.) A. Gray. Kjempeturt. As: I skogkanten på Frydenhaugen 20. sept. 1954 Johan Kielland Lund.

Lappula myosotis Moench. Sprikjepiggfrø. Vinje i Telemark: Avfalls plass ved ein garasje ved Bøgrendåa 18. juli 1957 J. L. I Telemark er den før berre kjent utmed kysten.

Lathyrus maritimus (L.) Bigel. Strandskolm. Korgen: På strand ved Finneid 20. juni 1950 Johan Kielland Lund. Nærmaste finnestadene er på Vega og i Nesna.

Lathyrus silvestris L. Skogskolm. Sør-Audnedal: Svinør 10. sept. 1955 Anders Bjørndal.

Lemna minor L. Andmat. Randesund: Drange 18. sept. 1955 Johs. Johannessen. Det er få og spreidde veksestader for andmat på Agderkysten, og Johannessen har ikkje kunna finna planten att på Dvergnes der R. E. Fridtz samla den i 1893, 5–6 km frå Drange (Fridtz 1903 s. 104).

Lepidium campestre (L.) R. Br. Markkarse. Modum: Vikersund 25. juli 1957 Kristian Andreassen.

Lepidium heterophyllum (DC) Benth. Vollkarse. Brunlanes: Ugras i parken på Fritzøehus 20. juni 1955 J. L. Ikkje før kjent i Vestfold.

Lepidium virginicum L. Virginiakarse. Gjerpen: Jernbanestasjonen på Borgestad 20. juni 1952 Olaf Svendsen. — Kristiansand: Silokaien på Odderøya 2. aug. 1957 Johs. Johannessen. I Norge er dette ugraset funne på Jeløy i 1913 og i Odda i 1925 (Lid 1955 s. 41). I Sverige funne i Malmö i 1918 (Blom 1919 s. 181).

Ligustrum vulgare L. Liguster. Bærum: Mellomholmen 22. juli 1956 Per Sunding. Det ser ut som skulle liguster vera viltveksande på

Mellomholmen, men det kan tenkjast at den berre er forvilla slik som den er kring Oslo. Nordgrensa ved Oslofjorden er elles i Moss (Jeløy) og Sande.

Lilium martagon L. Krøll-lilje. Nes (Hedm): Forvilla og naturalisert i ein nedlagt park på Hoel juli 1955 Johan Kielland Lund.

Lysimachia nummularia L. Krødsherad: I kratt ikkje langt frå kyrkjegarden 15. juli 1955 Kristian Andreassen. — Kviteseid: Forvilla i fjøra ved Kviteseidbyen 11. juli, og i skogen ved Voll 14. juli 1957 J. L.

Lythrum salicaria L. Kattehole. Nord-Odal: I Storsjøen ved Brurhella 6. sept. 1957 Olav Furuset. Planten har 10–12 mm tjukk jordstengel som er heilt treaktig og viser 5 årringar. I Hedmark er kattehole før berre funnen i Mjøstraktene.

Matricaria matricarioides (Bong.) Porter. Tunbalderbrå. Vinje i Telemark: Fleire stader i Bøgrenda; Svaalestog i Grungedal 29. juli 1957 J. L.

Matteuccia struthiopteris (L.) Tod. Strussveng. Vinje i Telemark: Tovsland i Grungedal 28. juli 1957 J. L. I steinrøyser nedafor vegen.

Medicago sativa L. Blålusern. Skåtøy: Rikeleg på eit jorde på Løkestad 1955 Ingolf Sundfør. — Romedal: Formo 23. aug. 1943 Johan Kielland Lund, som også har sett den fleire stader i Stange og på Helgøya i Nes.

Melandrium apetalum (L.) Fenzl. Blindurt. Bykle: Sessnuten på grensa mot Vinje i Telemark 6. aug. 1956 Per Sunding. Dette er ny sørgrense.

Melandrium noctiflorum (L.) Fr. Nattsmelle. Voss: Ugras på Vossevangen 21. juli 1902 S. K. Selland. Plantene i Osloherbariet er nattsmelle og ikkje gaffelsmelle (*Silene dichotoma*) som Selland hadde kalla dei (Selland 1906 s. 196; Lid 1944 s. 219 og 1952 s. 286).

Melilotus officinalis Lam. Lækjesteinkløver. Folldal: Ugras ved Folldal Verk 29. juli 1948 J. L. Lillehammer var før nordgrensa på Austlandet.

Mentha arvensis L. Åkermynthe. Bodin: Ved Bodin Landbruksskole 1950 Kåre Olsen.

Monotropa hypophegia Wallr. Snau vaniljerot. Snåsa: Bergsåsen (ovafor nordaustenden av første tunnellen frå Snåsa st.) 27. aug. 1950 Johan Kielland Lund. Ny nordgrense, før kjent nord til Frosta.

Myrica gale L. Pors. Vinje i Telemark: Aslak Høgetveit fortalde meg i juli 1957 at pors veks på Birkjebekk ved vegen frå Høgetveit til Våmartveit. Dette er innergrensa for pors i denne delen av Austlandet, jfr. Hultén 1950 s. 150.

Neottia nidus-avis (L.) Rich. Fuglereir. Stange: Rotlia 7. aug. 1952 Johan Kielland Lund. Veks her i lag med alm, hassel og osp ca. 1

km sørom Rotlia, mindre enn 100 m frå stranda av Mjøsa. — Bygland: Vestre Anonskår på Dale 7. juli 1955 Anders Bjørndal. Her veks den i lag med tannrot. — Hole i Buskerud: 300 m opp for Bakken (ved Nes) 20. juli 1952 Finn-Egil Eckblad.

Nigritella nigra (L.) Rchb.fil. Svartkurle. Alvdal: Ved bekken frå Fisttjønna innafor Gardvikåsen på vestsida av Savalen 17. juli 1952 Peter Kleppa. Ikkje funnen før så langt sør i Hedmark.

Nonea versicolor (Stev.) Sweet. Såpeblom. Oddernes: Elsemarka 18. sept. 1957 Johs. Johannessen. Har stått der som ugras i åker dei siste 5—6 år.

Ononis spinosa L. Törnbeinurt. Nes (Hedm): Strand ved Mjøsa på Ekenes 1955 Johan Kielland Lund. Ny nordgrense, før kjent nord til Oslo.

Ophrys insectifera L. Flugeblom. Somrane 1954 og 1955 var det rikeleg med blomstrar på denne orkideen ved nordgrensa i Bodin. På Notø's finnestad på Løding var det så rikeleg at i juli 1955 hadde folk bukettar ståande i stova fortel Randi Ræstad Sagberg og Kurt Johannsen Løding. Dei var ikkje vis med at det er slik ein sjeldsynt plante som bør fredas. Flugeblommen er også funnen på eit nes ut mot havet eit stykke nordaust for Bodø i juni 1954 av A. Norland, og i 1955 av A. Norland og Randi Ræstad Sagberg. Denne vekseplassen er ny nordgrense. — Øvre Sandsvær: Trengen (2 km sørom Heistadmoen) ein plante saman med marisko 1952 Johan Kielland Lund.

Ornithogalum umbellatum L. Fuglestjerne. Holt: Forvilla i skogen i åsen nordom Holt Landbruksskole 24. juni 1954 Jon Kaasa og Finn Wischmann. Det er berre nokre spreidde finnestader for denne liljeplanten i Norge.

Pedicularis silvatica L. Kystmyrklegg. Kviteseid: Austafor skulehuset på Roeid 15. juli 1957 J. L. — Åseral: Mellom Ljoslandsvatn og Langevatn 11. juli 1957 Anders Bjørndal. Dette er 20 km lengre nord i Åseral enn Sostelid der eg fann den 18. juli 1952.

Phyllodoce coerulea (L.) Bab. Blålyng. Lunner: Mellom Ballangrudsæterhøgda og Vollen, ca. 600 m, 6. juni 1954 Georg Hygen. Vi veit ikkje noko om at blålyng før er funnen i Nordmarka.

Physalis alkekengi L. Jødekirsebær. Kristiansand: I stor mengd på den marine flystasjonen mellom hangarane og sjøen 16. sept. 1957 Johs. Johannessen. Ikkje kjent før på Sørlandet.

Pinguicula villosa L. Dvergtettegras. Oppdal: På ei myr vestom Gravbekken ovafor Øvre Hammarsåtra (840 m) og under søraustre hjørne av Hemre Gjevilvasskammen (1000 m) 4. aug. 1955 J. L. Dette er lengre vest på nordsida av Gjevilvatnet enn den var funnen før.

Platanthera chlorantha (Cust.) Rchb. Grov nattfiol. Stange: Strandlokka i kratt ved skrapslått 1. juli 1945 Johan Kielland Lund. — I

Osloherbariet ligg det alt før plantar frå Stange: Vikselva 30. juni 1881 Jon Rud, under navnet *P. bifolia*, men ombestemt til *P. chlorantha* i 1956 av Finn Wischmann. Jon Rud skal dessutan ha samla grov nattfiol «i skogen paa vestsiden inderst i Korsødegaardsviken i Stange» (Rud 1884 s. 10).

Polemonium coeruleum L. Fjellflokk. Vinje i Telemark: Høgetveit 16. juli, Øvrebø (1 km austom Prestegården) 21. juli 1957 J. L.

Polygonum oxyspermum Mey. et Bunge. Nebbslirekne. Bærum: Leirstrand inst i Hundseidkilen på Fornebolandet 30. sept. 1955 Per Størmer. Dette er ny nordgrense, den var før kjent nord til Moss (Jeløya).

Polystichum lobatum (Huds.) F. Chev. Falkbregne. Norderhov: Nordom Mørkgånga ved Gyrihaugen, under stupet mot Steinsfjorden 6. okt. 1957 Per Sunding. På Austlandet var den før kjent nord til Asker og Bærum.

Potamogeton crispus L. Krustjønnaks. 11. juli 1955 har Olav M. Skulberg funne blomstrande plantar i Borrevatnet i Borre.

Potentilla intermedia L. Russemure. Holt: Fianesvingen 27. juni 1954 Jon Kaasa. Ikkje kjent før i Aust-Agder.

Potentilla recta L. Stormure. Oddernes: Gill, ugras i ein hage 17. juli 1957 Anders Bjørndal. Så vidt eg veit er ikkje dette ugraset funne før på Sørlandet.

Pyrola media Sw. Klokkevintergrøn. Vinje i Telemark: Fleire stader i bjørkeskogen ved Løyningvatnet og Finnebusæter på Haukelifjell. Høgst ved Prestegårds Turisthytte (950 m) 22. juli 1957 J. L.

Raphanus landra Moretti. * Landrereddik. Oslo: Sandaker 26. okt. 1889 N. G. Moe. Storo gartneri aug. 1934 Conrad Platou. — Mandal: Ballastbrygga på Malmøya 1. okt. 1890 og 17. sept. 1907 A. Landmark. — Skil seg frå åkerreddik (*R. raphanistrum*) ved større og grovare skulper med høge ribber, ofte berre med ein eller eit par led, og med sylforma griffel som ikkje er meir enn 2–3 gonger så lang som siste skulpeled. Den høyrer heime i Middelhavslanda og fins lengre nord i Europa på avfallsplassar. Landra er det folkelege navnet på planten i Italia (jfr. Hegi IV. 1 s. 279).

Reseda lutea L. Byreseda. Hamar: 6. juni 1948 Sidsel Tandberg; på alunskifer ved Furuberget 5. aug. 1952 Johan Kielland Lund. Ikkje kjent før i Hedmark. I Oppland er den tatt ein gong: Røykenvika i Brandbu 1909 Fredrik Lange.

Rhannus catharticus L. Geitved. Ytre Sandsvær: Ved Åsterud (2,5 km austom Skollenberg) 28. sept. 1955 O. Mandt. — Nedre Eiker: I Dryasfeltet på Solbergåsen 5. juli 1955 J. L. Geitveden veks her ved 380 m, som er høgdegrensa her i landet.

Rhynchospora fusca (L.) Ait. Brunmyrak. Loten: På flytetorv i Ro-

kosjøen 1 km austom Rokosjøsaga 10. juli 1952 Johan Kielland Lund. Dette er ny nordgrense på Austlandet.

Rorippa austriaca (Cr.) Bess. Kulekarse. Kviteseid: Frå Voll og Midsund til Kviteseidbyen 11–14 juli, Brunkeberg 12. juli, Roeid 15. juli 1957 J. L. Den held seg mest langsmed vegene.

Rorippa silvestris (L.) Bess. Vegkarse. Stod: Ved ein sti i Stod prestegardsskog 11. aug. 1950 Johan Kielland Lund. Synes ikkje vera funnen før i Trøndelag.

Rosa cinnamomea L. Kanelrose. Vinje i Telemark: Ved Bøggrendåa nedalfor hovedvegen 18. juli, Vinje Prestegard og Øvrelø austalor prestegarden 21. juli 1957 J. L.

Rubus arcticus L. Åkerbær. Dei siste åra har vi fått melding om fire funn av åkerbær i Sør-Norge, alle nokså langt frå dei strøk den før var funnen i. To av dei ligg heilt nede i låglandet. 1) Meldal: Still-Resa sørom Resvatnet, ca. 4 km austom grensa mot Rindal i Møre og Romsdal, 4. juli 1949 Hildur Krog. — 2) Bolsøy: Hovdenakken 18. juli 1953 og 25. okt. 1955 Ole Hovdenak d. y. Åkerbær veks her på elvebaret ved Røa (15 km austom Molde), 25 m. o. h., ca. 2 km frå osen. — 3) Hemsedal: 3–4 km vestom Tuv, og ved skolehuset 5–6 km vestom Tuv 17. juni 1953 Ellen Gleditsch. Dette er ei mils veg lengre nede i Hemsedal enn Storeskarvatnet der Per Holmsen fann åkerbær 3. juli 1935. — 4) Norderhov: Storrenga ved Sokna straks før Sokna renn ut i Tyrifjorden, på tuer mellom småfuru, 66 m. o. h., mai 1955 Nils Fransrud og Arne Karlsrud. Det er ikkje funne frukt på plantane på desse stadene. Hovdenakklunnet er det vestlegaste, det er i det heile det vestlegaste funn av åkerbær i Europa. Det vestlegaste funn sørom Dovre er ved Mårbu på grensa mellom Uvdal og Tinn 1. aug. 1929 Brynjulv Sjøtveit, 13. juli 1946 Anna Sønstegeard og 29. juli 1956 Anders Bjørndal. Bjørndal fann den 200 m ovafor Mårbu turisthytte.

Salix caprea × *lapponum*. Vinje i Telemark: Tovsland 28. juli 1957 J. L. Eit 2 m høgt kjerr ved hovedvegen, i lag med foreldreartene.

Salix cinerea L. Gråselje. Sannidal: Ved Barlandskilen 7. juli 1957 J. L.

Salix repens L. Krypvier. Vinje i Telemark: Nokså vanleg i Bøggrenda og i Grungedal. Oppe på Haukelifjell veks den på Finnebu sæter 23. juli 1957 J. L.

Saussurea alpina (L.) DC. Fjelltistel. Ytre Sandsvær: Dryasfeltet ved Kjørstadelva (300 m) 3. juli 1955 J. L. (Lid 1957 s. 6). Er før funnen 1 km lengre vest, i Øvre Sandsvær (Rui 1951 s. 69).

Saxifraga adscendens L. Skoresildre. Vinje i Telemark: Bufast, Høgset og Grunekroberget austom Høgetveit 17. juli 1957 J. L.

Scopolia carniolica Jacq. Giftblom. Oslo: Naturalisert ved bekken ovafor Gaustad 20. mai 1950 Margrete Willoch (det R. Nordhagen).

— Rakkestad: Forvilla i ein villahage på Mjørud 27. juni 1957 Kristian Andreassen (det. Rolf Berg). Denne fleirårige giftplanten av søtvierfamilien høyrer heime i Aust-Europa; den er ofte dyrka som prydeplante og har lett for å forvilla seg. I trolldoms- og folkemedisinen har den spela ei stor rolle fram gjennom tidene. I botanisk litteratur er den først omtala av Pierandrea Matthiola i 1558 (jfr. Hegi V. 4 s. 2570).

Scrophularia nodosa L. Brunrot. Vinje i Telemark: I lia ovafor Kile 29. juli, og i berghamrane vestom Svalestog i Grungedal 30. juli 1957 J. L.

Sedum acre L. Bitterbergknapp. Vinje i Telemark: Rui og Tovsland i Grungedal 28. juli 1957 J. L.

Silene armeria L. Raudsmelle. Oddernes: Jægersborg i eng 25. juni 1955 Johs. Johannessen. På Jægersborg er det nå grisedrift i stor stil, og det er mest truleg at raudsmella er komen inn her i ny tid.

Silene nutans L. Nikkesmelle. Nedre Eiker: Dryasfeltet på Solbergåsen (400 m) 21. juni 1953 J. L. (Lid 1957 s. 8). Dette er litt høgare enn den er funnen før her i landet, Midtskogen på Krokskogen 11–1200 fot, M. N. Blytt. (herb. Oslo).

Solanum nigrum L. Svartsøtvier. Time: Ugras i ein hage på Bryne 15. sept. 1955 Gudrun Laland. Ikkje kjent før på Jæren.

Solanum rostratum Dunal. Kansassøtvier. Rakkestad: Ugras i gulerotåker på Øvrebø 9. sept. 1956 Kristian Andreassen. Er før funnen eit par gonger i Oslo (Lid 1955 s. 46).

Sonchus palustris L. *Sumpdylle. Vest-Agder, Randesund: Børresvåg i Fidjekilen 30. sept. 1956 Johs. Johannessen. Det var cand. jur. Anders Wulff som først gjorde Johannessen merksam på denne uvanlege planten som ikkje er kjent før i Norge og som Johannessen greidde å bestemma etter Rostrups danske flora. Plantane er mykje over mannshøge og står tett i tett på eit stykke på 6–8 kvadratmeter, nær sjøen, berre 40 cm over flodmålet. Dei største plantane var i november 1956 nærpå 3 m, i september 1957 3,5 m. Stykket låg heilt nede i fjøra til det i 1952 vart lagt ein ny veg frå Dvergsnes til Dvergsnestangen, ein veg som nå går mellom sjøen og dyllefeltet. Straks innafør feltet er det kratt av osp, svartor, eik, rogn, fuglekirsbær, klunger, lind, beinved og krossved. Av andre plantar som veks i lag med sumpdyllen har Johannessen 29. sept. 1957 notert lodnefaks (*Holcus lanatus*), blåtopp (*Molinia coerulea*), hanekam (*Lychnis flos-cuculi*), brønnkarse (*Rorippa islandica*), mjøldurt (*Filipendula ulmaria*), bjørnebær (*Rubus nessensis*), mjølkerot (*Peucedanum palustre*), skjoldberar (*Scutellaria galericulata*) og slyngsøtvier (*Solanum dulcamara*). — Det er eit høgst interessant funn gartnar Johannessen har gjort her. *Sonchus palustris* veks helst på salthaldig grunn, og elles




Fig. 1. Stengelblad. a. *Sonchus palustris*. b. *Sonchus arvensis*.

på våte stader ved elver og bekker. Den er utbreidd i Europa nord til øyane i Danmark og nokre få stader lengst sør i Sverige (Hegi VI. 2 s. 1102 og Hulténs kart 1950 s. 464). Det er truleg at den har stått lenge i Børresvåg sidan det nå er så rikeleg av den. Vekseplassen er den heilt naturlege for den slik som den fins lengre sør i Europa. Sumpdylle er fleirårig og liknar mest åkerdylle, men har tjukke knip-perøter som ikkje veks vassrett, firkanta opning i stengelen og større og lysare frukter, 4 mm lange, mot 3–3,5 mm hos åkerdylle. Eit godt kjennemerke er høge og kvasse ribbekantar på stengelen, og at den nedre delen av bladet som går kring stengelen, ikkje er rund som hos åkerdylle, men går ned i pilforma spissar, jfr. fig. 1.

Stachys silvatica L. Skogsvinerot. Vinje i Telemark: Krunekro austafør Høgetveit i Bøgrenda 17. juli, og lia ovafor Kile i Grungedal 29. juli 1957 J. L.

